**KOMMISJONENS GJENNOMFØRINGSAVGJERD** **2016/EØS/54/40**

**av 25. august 2011**

**om godkjenning av Aserbajdsjan i medhald av europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/106/EF med omsyn til systema for opplæring og sertifisering av sjøfolk**

*[meld under nummeret K(2011) 6003]*

(2011/517/EU) (*)

EUROPAKOMMISJONEN HAR —

med tilvising til traktaten om verkemåten til Den europeiske unionen,

med tilvising til europaparlaments- og rådsdirektiv 2008/106/EF av 19. november 2008 om minstekrav til sjøfolks opplæringsnivå([1]), særleg artikkel 19 nr. 3,

med tilvising til oppmodinga frå Belgia av 7. august 2008, og

ut frå desse synsmåtane:

1) I samsvar med direktiv 2008/106/EF kan medlemsstatane ta ei avgjerd om å godkjenne dei sertifikata som tredjestatar har utferda til sjøfolk, på det vilkåret at Kommisjonen har godkjent den aktuelle tredjestaten. Desse tredjestatane må oppfylle alle krava i konvensjonen til Den internasjonale sjøfartsorganisasjonen (IMO) om normer for opplæring, sertifikat og vakthald for sjøfolk (1978), i revidert utgåve av 1995 (STCW-konvensjonen)([2]).

2) Ved brev av 7. august 2008 sende Belgia inn ei oppmoding om godkjenning av Aserbajdsjan. Som følgje av oppmodinga frå Belgia har Kommisjonen vurdert systema for opplæring og sertifisering i Aserbajdsjan med sikte på å kontrollere om denne staten oppfyller alle krava i STCW-konvensjonen og om det er gjort tilfredsstillande tiltak for å hindre svik med omsyn til sertifikat. Denne vurderinga vart gjord på grunnlag av ein inspeksjon som sakkunnige frå Det europeiske sjøtryggleiksbyrået utførte i februar 2009. Under den inspeksjonen vart det oppdaga visse manglar i opplærings- og sertifiseringssystema.

3) Kommisjonen la fram for medlemsstatane ein rapport om resultata av vurderinga.

4) Ved brev av 4. desember 2009 og 26. oktober 2010 oppmoda Kommisjonen Aserbajdsjan om å leggje fram prov på at dei manglane som vart oppdaga, er vortne retta opp.

5) Ved brev av 13. januar og 24. desember 2010 la Aserbajdsjan fram dei opplysningane og prova som det vart bede om med omsyn til gjennomføringa av høvelege og tilstrekkelege korrigerande tiltak for å rette opp alle dei manglane som vart oppdaga under vurderinga av samsvaret.

6) Resultatet av vurderinga av samsvaret og vurderinga av opplysningane som Aserbajdsjan har lagt fram, viser at Aserbajdsjan oppfyller alle krava i STCW-konvensjonen og har gjort høvelege tiltak for å hindre svik med omsyn til sertifikat. Aserbajdsjan bør difor godkjennast av Kommisjonen.

7) Dei tiltaka som er fastsette i denne avgjerda, er i samsvar med fråsegna frå Utvalet for sjøtryggleik og hindring av ureining frå skip —

TEKE DENNE AVGJERDA:

*Artikkel 1*

For føremåla med artikkel 19 i direktiv 2008/106/EF er Aserbajdsjan godkjend med omsyn til systema for opplæring og sertifisering av sjøfolk.

(*) Denne unionsrettsakten, kunngjort i EUT L 220 av 26.8.2011, s. 22, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 113/2012 av 15. juni 2012 om endring av EØS-avtalens vedlegg XIII (Transport), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 56 av 4.10.2012, s. 37.

([1]) TEU L 323 av 3.12.2008, s. 33.

([2]) Vedteken av Den internasjonale sjøfartsorganisasjonen.

*Artikkel 2*

Denne avgjerda er retta til medlemsstatane.

Utferda i Brussel, 25. august 2011.

*For Kommisjonen*

Siim KALLAS

*Visepresident*